

## ***Valen og Handeland gard, ein ressurs!***

Valen og Handeland gard (VHG) er eigd og driven av Hordaland Fylkeskommune som no føreslår salg av garden.

Garden har gjennom alle år vore viktig i det ergoterapeutiske tilbodet for pasientar ved Valen sjukehus, dvs. med tilbod om arbeid/praktiske aktivitetar som rekreasjonsområde, bruk av fjell, skog og sjøområde. Garden har lang erfaring med å tilretteleggja tilbod for personar med ulike behov.

Garden har lang tradisjon på arbeidsterapi.

Ei gruppe med brukarar og pasientar ved Folgefonn DPS og Valen sjukehus som kallar seg "Brubyggjarane" har vore med å halda i hevd kulturlandskap til nytte for pasientar, garden og bygdafolk ved å byggja hytte, bruer, stiar og lavo.

Dette er god folkehelse, fysisk og psykisk.

Med stort fråfall i den vidaregåande skulen av ulike årsaker som manglande motivasjon, store krav til teori, rusproblem og psykisk sjukdom skulle det liggja godt til rette for ein læring- og mestringsarena og aktivitetar i lag med personal med allsidig kompetanse innan landbruk, byggfag ved gardsbruket.

Samarbeid med NAV om arbeidspraksis / arbeidstrening for mennesker som for ein perioide treng tilrettelagt arbeid, gjerne i samarbeid med Valekrossen skule.

Hordaland fylkeskommune førebur handsaming av sak som kan medføre at garden blir seld. Saka skal handsamast i fylkesutvalet 26 og 27 sept. 2012

Garden arbeidar for ei utvikling av kombinasjon praktisk arbeid for ulike brukarar innan arbeidpraksis, skulegong/utdanning og helse.

La oss arbeida for å nytta denne ressursen ved å la Hordaland fylkeskommune framleis eiga garden!

***Synnøve Solbakken 2012-09-26***